## Har ope ein time lenger

16.06.2014




**SPAR i Uskedalen utvider frå i dag opningstida med ein time på alle kvardagane. Dei har frå no av ope frå 8 til 22 frå måndag til fredag og frå 8 til 20 på laurdag. Samla sett held dei altså frå no av ope 6 timar meir i veka.**

Dagleg leiar Bente Nilsen understrekar at utvidinga skjer som eit servicetiltak overfor kundane,

- Vi vil rett og slett gjera oss enda meir tilgjengelege, seier ho.

- Så dette er ikkje eit tiltak som er samordna i heile kjeden?'
- Dei, dette er noko som vi heilt ut bestemmer sjølve, er svaret.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen